



Vikøy Sokneråd  
Postboks 39  
5600 Norheimsund

## **REFERAT** frå soknerådsmøte i Norheimsund kyrkje 16. januar kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Tove, Solfrid, Randi, Magne. Vetle, Gudrun og Helene

*Opning / dele og dvele: Solfrid Å vera Guds publikum*

*Kaffi og noko å bite i: Tove*

### **1/24 Godkjenning av innkalling og referat**

~ Ok med innkalling ei veke før

~ Presten bestemmer kven som skal få offer

~ På referatet skal det stå neste SR + tlf til alle i SR

### **2/24 Evaluering og orienteringsaker:**

- **Arrangement i kyrkja/ gudstenester** – I år var det berre ei julegudsteneste. Det var 290 personar på gudstenesta (2022: To gudstenester med tilsaman 420 pers.) Denne jula leigde ein ikkje inn nokon vikarar, men brukte dei to faste prestane og dei to organistane. SR diskuterte om me skal ha annankvar gong tidleg og seint i hhv. Norheimsund og Strandebarm – og informera i Kyrkjebladet om bakgrunnen. Dette må me koma tilbake til i haust.
- **Status konsert med Garness** – 15. mars kl.19.30. Me må vera 153 betalande for å få konserten til å gå i balanse. Diverre «krasjer» det med Hølmebakk-konsert i bedehuset kl.18.00. Det var sjekka på førehand om det var noko arr. i bedehuset, men pr. då var det ikkje noko anna den kvelden.
- **Referera frå møtet i kulturkomiteen 10. jan** - Forutan Garness-konserten vart det planlagt Fosse-seminar. Komite: Astrid, Tove, Roar og Lars G Lundblad. Dei

har vore i kontakt med Kvam Mållag og Fosse-stiftinga. Det kom forslag frå SR om å kontakta Folkeakademiet også.

### **Referera frå møtet i fellesrådet 9. jan.**

- \* Vedtok budsjett for 2024. Fellesrådet fekk 300.000 kr mindre frå kommunen. Det betyr kutt i vedlikehald. Ynsket om prosjektor i Nhs. krk er prioritert.
- \* Kyrkjevevrestillinga skal lysast ut.
- \* .Arbeidet med minnelund er i gang. Planlegginga har kome lengst for Øystese, og heradet har løyvt pengar til den.

### **Sjå til halvårsplanen:**

- **Bøneveke – 21.-28.jan.** Har fått med (nesten) nok folk – manglar ein person. Borghild Tufteland har oversikten.
- **Trusopplæringstiltak**
  - Tårnagent-samling for 3.trinn 27.-28.jan. i Vikøy krk : Randi og Magne kan vera med.
  - Filmkveld for 7.trinn vert i Nhs krk. 10. el.17.mars. Helene (?) og Gudrun vert med.
  - Legoklubb for 2.trinn i Nhs krk. Datoar er ikkje bestemt. Eva Stene Kolstad vert med?
- **Anna – 11.febr** vert det fastelavns-gudsteneste med Kyrkjeklubben kl.16.00. Gudrun ordnar med 120 bollar (hugs gluten- og mjølkefrie). Det kom innspel om å ha ei samleside på heimesida og evt.i Kyrkjebladet om det som skjer i kyrkja for dei ulike aldersgruppene. Dette tek me opp med staben på inspirasjonssamlinga komande tysdag.

**3/24 Val av komitè til konfirmantfesten.** 18.april er det samtalegudsteneste med påfølgjande konfirmantfest.

**VEDTAK:** Komite: Solfrid, Helene, Gudrun, Astrid, Magne?

### **4/24 Fasteaksjonen 19.mars.**

**VEDTAK:** Det vert bøsseaksjon dette året, men me må drøfta seinare kva me gjer til neste år. Foreldra køyrer rundt. SR informerer på konfirmantundervisning.

Komitè: Erling (viss han er her), Astrid og Ingvild Sørheim ( Astrid spør IS) + andre frå SR hjelper til på sjølve ettermiddagen. Det må handlast inn brus og bollar. Dette tek me oppatt på eit SR-møte seinare i vår. Mampion må vera med på dette møtet.

**5/24 Samarbeid kyrkjetenar og sokneråd.** Vi ser på fordeling av arbeidsoppgåver mellom kyrkjetenar og sokneråd. Sjå eige dokument.

**VEDTAK:** Forslaget frå Franckie om arbeidsfordelinga mellom SR og kyrkjetenar ser greitt ut, men me har kommentar til blomar på altaret. Her ynskjer me at kyrkjetenar ordnar med innkjøp dei tre gongene det er aktuelt (1.juledag, 1.påskedag og 1.pinsedag). Då kan han bestilla bukettar på Bonderosen (hugs riktige liturgiske fargar), og SR betaler fakturaen. Astrid snakkar med Olav S. Lid for å finna ei god løysing.

Gudrun tek ansvaret med å kjøpa inn kaffi/te/saft, kjeks/frukt og serviettar til kyrkjekaffi.

**6/24 Nytt om personalsituasjonen.** Frå 1.4.24 sluttar diverre Vetle i stillinga.

SR skal uttala seg om ny stillingsannonse. Kva trengst lokalt?

- *Er det noen oppgaver som skal ha særlig oppmerksomhet i Norheimsund/ Strandebarm?*
- *Hva trengs lokalt i Norheimsund/ Strandebarm?*
- *Kan utlysningstekstene spisses noe for å skape interesse? Hvilke grep kan da eventuelt bli tatt for å komme dette «spisse-ønsket» i møte?*

Me kan koma med innspel og senda til Astrid innan tysdag 23.jan. slik at ho kan senda vidare innspela til Bispedømmekontoret.

**7/24 Eventuelt:** Ingen saker

- **Hugs inspirasjonssamlinga for staben og sokneråda i Norheimsund kyrkje tysdag 23.jan. kl.18.00**
- **Neste soknerådsmøte er 13.febr. kl.19.00**
- **TLF til SR-medlemene:**

<b>Astrid</b>	<b>95144731</b>	<b>Brynhild</b>	<b>99481146</b>
<b>Solfrid</b>	<b>48295653</b>	<b>Helene</b>	<b>92257425</b>
<b>Erling</b>	<b>98461892</b>	<b>Randi</b>	<b>93410167</b>
<b>Tove</b>	<b>95166563</b>		
<b>Magne</b>	<b>90588322</b>		
<b>Gudrun</b>	<b>97192260</b>		

Ref. Gudrun Skeie Langeland